



# Prop. 129 S

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Pensjonar frå statskassa

*Tilråding frå Arbeids- og sosialdepartementet 29. mai 2015,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

I samsvar med Grunnlova § 75 bokstav i, legg departementet med dette fram for Stortinget ei liste over dei pensjonane som gjeld mellombels, og som ikkje blei reviderte av det førre Storting. Heile summen av pensjonar som blei utbetalte i 2014, var på kr 17 661 000. For 2015 er det foreslått kr 17 800 000 på kapittel 611 Pensjoner av statskassen, jf. Prop. 119 S (2014–2015) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2015.

### 2 Omtale av ordninga

Pensjon frå statskassa er ikkje ei pensjonsordning i vanleg forstand med krav til oppteningstid gjennom medlemskap. Det er ei særordning som gjev Stortinget høve til, ut frå ei vurdering av om det er rimeleg, å gi ei pensjonsyting til personar som ikkje har kunna tene opp pensjonsrettar på vanleg måte. Pensjonen byggjer ikkje på rettskrav, lov eller forskrift, og blir gjerne omtala som gåvepensjon («billighetspensjon»).

Proposisjonen no gjeld lokalt tilsette ved norske utanriksstasjonar.

Dei er i hovudsak sjølv borgarar i landet der dei arbeider. Nokre av dei lokalt tilsette er norske borgarar, og nokre av desse har òg vanleg tenestetid i Statens pensjonskasse frå 1. januar 1996 gjennom å ha medlemskap i norsk folketrygd. For tida

før 1. januar 1996 blir pensjon av statskassa gjevne som tillegg til den pensjonsgjevande tenestetida. I vedlegget blir denne tida omtala som tilleggstid.

Lokalt tilsette ved norske utanriksstasjonar skal som ein hovudregel sikrast gjennom lokale trygde- og forsikringsordningar. Dette er òg tatt inn i utanriksinstruksen: «*lønns- og arbeidsbetingelser skal nedfelles i en arbeidskontrakt som skal være i samsvar med tjenestelandets lover og regler. Lokalt ansatte skal sikres gjennom adekvate lokale trygde- og forsikringsordninger.*»

Utanriksstasjonane skal sjølv syte for at dei lokalt tilsette vert innlemma i lokale trygde- og forsikringsordningar, og dei aller fleste er i dag omfatta av slike lokale ordningar. Unnataksvis kan det likevel hende at det ikkje finst lokale ordningar, eller at dei aktuelle ordningane ikkje sikrar dei tilsette tilstrekkeleg. I ein slik situasjon kan utanriksstasjonen søkje om pensjon frå statskassa. Sjølv om pensjonsrettane til dei lokalt tilsette er teke inn i arbeidskontrakten etter utanriksinstruksen, kan tilhøve i tenestelandet, til dømes politisk uro, høg inflasjon og stor uvisse med omsyn til bank- og forsikringsordningar, føre til at vedkomande ikkje får den ytinga han eller ho har opparbeidd seg rett til ved alderdom, uførleik eller tap av forsørgjar.

Utanriksdepartementet har i seinare tid lagt stor vekt på å sørge for at stasjonane følgjer opp utanriksinstruksen så langt råd er, og sikre at dei lokalt tilsette ved utanriksstasjonane er med i lokale ordningar. Dette blir gjort gjennom kurs og

opplæring av ansvarlege medarbeidarar, og ved pålegg til alle stasjonane om å følgje opp. Samstundes blir det gjort klart at pensjon frå statskassa berre blir gitt i særskilde høve der lokale ordningar ikkje finst eller ikkje sikrar dei tilsette godt nok. Utanriksdepartementet arbeider vidare med ei breiare kartlegging av arbeidsvilkåra til lokalt tilsette, inkludert pensjonsordningar.

Eventuell yting frå lokal pensjonsordning skal kome til frådrag i pensjonen frå statskassa. Lokale ytingar som blir utbetala månadleg blir i hovudsak samordna som pensjonar frå norsk offentleg tenestepensjonsordning. I staden for månadlege

utbetalingar er det i nokre land vanleg at pensjonen blir betalt ut som eit eingongsbeløp på pensjoneringstidspunktet. Slike ytingar kjem til frådrag i pensjonen ved at tidspunktet for utbetaling av pensjon blir utsett.

Arbeids- og sosialdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om pensjonar frå statskassa.

---

**Vi HARALD,** Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om pensjonar frå statskassa i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag til vedtak om pensjonar frå statskassa

### I

Opplysningar om søkjaren			Pensjon				
Nr.	Namn	Alder ved avskjeden (for etterlatne, noverande alder)	Tenestestad	Vedteke	Pr. mnd	Gitt frå	Merknad
<i>Utanriksdepartementet</i>							
1	Sangwar Ngamcharoen	83	Bankok	12.12.2014	1774	1.07.2014	
2	Anne-Birgitte Stolz	67	Bogota	12.12.2014	SPK	1.11.2014	Tilleggstid
3	Shafi Ur Rehanm	61	Islamabad	19.12.2014	904	1.10.2015	
4	Milena Anelli Salmaso	84	Geneve	10.3.2015	3721	1.08.2014	
5	Charles Ssenyange	61	Kampala	10.3.2015	2535	1.12.2016	
6	Wafeya Rizkallah	65	Kairo	21.4.2015	6197	1.09.2014	
7	Anwar Inayat	39	Islamabad	19.5.2015	231	1.04.2014	
8	Enam Abdel Monem	65	Kairo	19.5.2015	1136	1.12.2014	

